

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.10.2017

Arild Borgen (R) sette fram fylgjande forslag:

«Bergen kommune får eit tilskot på kr 2 000 000 for styrke skulehelsetenesta gjennom å tilsette fleire helsesøstrer. I tillegg blir det arrangert ein fagdag for helsesøstrer i dei vidaregåande skulane i fleire kommunar. Fagdagen skal vere eit samarbeid mellom Bergen kommune og opplæringsavdelinga.»

Emil Gadolin (A) sette fram eit tillegg til fylkesrådmannens innstilling:

«I løpet prosjektperioden skal ein sjå på kva for erfaringar ein kan trekkje ut av dette prosjektet, med mål om at det kan bidra til betre samhandling og eit betre skulehelsetilbod til elevane i heile fylket.»

Røysting

Borgen sitt forslag fekk 4 røyster (1 R og 3 H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Bergen kommune får eit tilskot på kr 2 000 000 for styrke skulehelsetenesta gjennom å vidareføre prosjektet «Innenfor skolen» ut 2018. I tillegg blir det arrangert ein fagdag for helsesøstrer i dei vidaregåande skulane i fleire kommunar. Fagdagen skal vere eit samarbeid mellom Bergen kommune og opplæringsavdelinga.

I løpet prosjektperioden skal ein sjå på kva for erfaringar ein kan trekkje ut av dette prosjektet, med mål om at det kan bidra til betre samhandling og eit betre skulehelsetilbod til elevane i heile fylket.